

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021

**Arve Helle (A)** har stilt spørsmål om han er inhabil fordi familien er grunneigar på eit område i Gulen, og deler av området er det føreslått endra bruk på, og deler av det er det føreslått utvida byggegrenser på. Helle gjekk frå under vurderinga om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil etter forvaltningslova § 6 annet ledd. Helle gjekk frå under behandlinga av saka.

### Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet ser det som positivt og viktig for planlegginga i kommunen at Gulen no får ein oppdatert arealdel til kommuneplanen med føringar for ønska utvikling.
2. Gulen kommune har lagt opp til senterstruktur med fire krinsar og bygdesentrum: Brekke, Byrknes, Dalsøyra, og kommunesenteret Eivindvik. Planlagt areal for næring og bustader stør opp om utviklinga av desse.
3. Kommunen har gjennomgått og redusert talet på og areal for spreidd utbygging i landbruks- natur- og friluftsområde. Dette bidreg til å oppfylle nasjonale og regionale mål for samordna areal- bustad- og transportplanlegging.
4. Kommunen har på fleire måtar søkt å løyse utfordringar knytt til klimatilpassing, t.d. gjennom omsynssoner knytt til steinsprang, jord- og flaumskred, og teke omsyn til venta havnivåstiging. Fylkesutvalet meiner at mål for klimagassutslepp må oppdaterast, då Noreg jf. Parisavtalen skal kutte klimagassutsleppa med 50-55% innan 2030.
5. Fylkesutvalet meiner kommunen har gjort gode vurderingar av arealforvalting knytt til strandsona. Dette ut frå dei prioriteringane ein har gjort for næringsareal, og at ein ikkje prioriterer nye areal til fritidsbustader.
6. Fylkesutvalet ser kommunen sitt fokus på friluftsliv, natur og implementering av folkehelsearbeidet i det overordna planarbeidet som positivt.
7. Fylkesutvalet meiner det er positivt at kommunen går vidare med dei endringane som gjeld akvakulturområde for laks/regnbogaure, med unntak av Ospeneset.
8. Kommunen har viktige kulturminneverdiar av regional og av nasjonal verdi som kommunen også er bevisst på. Fylkesutvalet ser likevel at kommunen har potensial til å ta omsyn til og sikre kulturminneverdiane på ein endå betre måte.